

THOR-HENRIK FREDRIKSEN
HORDVIKNESET 88
5108 HORDVIK

Dato	15.09.2023
Vår referanse	2023/69837-2
Deres referanse	
Saksbehandler	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense med vilkår - Vassleidning - fv. 5312 - gnr. 328 bnr. 2 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 04.08.2023.

Saka gjeld

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg for å etablere ny hovudvassleidning mellom Myrvollane og Moldekleiv. Søknad er sendt inn på vegne av Alver kommune. Vassleidning skal leggast mellom 5 og 50 meter frå vegmidte av fylkesveg og skal erstatte dagens rørleidning. Leidninga vil også krysse fylkesvegen på eit parti ved gnr. 328 bnr. 41.

Vi gir med dette brevet dispensasjon frå byggegrense med eit vilkår om at dette løyvet er ikkje gyldig utan at det ligg føre eit godkjent grave- og frådelingsløyve.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5312 Håtuftvegen for å etablere ny hovudvassleidning på gnr. 328 bnr. 2 mfl. i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 14.04.23.
2. Avstanden frå tiltaket til senterlina på fylkesveg 5312 skal vera i samsvar med situasjonsplanen.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5312.
5. Dette vedtaket er ikkje gyldig før det ligg føre eit gyldig grave- og framføringsløyve for tiltaket.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 150. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024.

Tiltaket gjelder bygging av ny hovudvassleidning mellom Myrvollane og Moldekleiv. Vassleidninga vil erstatte dagens røyrleidning og sidan det gjeld erstatning av eksisterande leidning gjev vi dispensasjon frå byggegrensa.

Vi minner om at dette løyvet ikkje er gyldig utan eit grave- og framføringsløyve. Søknadsskjema finn de her; <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Ved søknad låg også eit situasjonskart som viser plan for anleggsområde, det kartet bør sendast inn saman med søknaden om grave- og framføringsløyve.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med hilsen

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgiver
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet underskrift

Vedlegg

1 situasjonsplan_22034-GH02.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG